



Arkivnr: 2015/12882-2

Saksbehandlar: Øyvind Dahl

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.01.2016

Høyringsuttale – ny forskrift om insentivordning for film- og serieproduksjonar

Samandrag

Som oppfølging av stortingsmeldinga «Ein framtidretta filmpolitikk» vil det bli innført ei refusjonsbasert insentivordning i Noreg. Støttesatsen er sett til 25% og det er løyvd 45 mill kr til ordninga over statsbudsjettet for 2016. Ordninga vert innført frå 01.01.2016, med første søknadsfrist 21.01.2016.

På grunn av den stramme høyringsfristen var det ikkje råd å få saka opp til politisk handsaming i fylket før høyringsfristen. Sida Kulturdepartementet ønskjer å få gjennomført høyringa og eventuelt få justert retningslinene før nyttår, har det heller ikkje vore mogleg å få lenga fristen til etter fylket sine utvalsmøte i januar. 14.12.2015 gav Kultur- og idrettsavdelinga førebels fråsegn slik forslaget til vedtak under syner, men med atterhald om politisk godkjenning.

Fylkesrådmannen meiner at insentivordninga vil verke positivt for utvikling av filmfeltet i Hordaland og på Vestlandet. Ordninga vil likevel få større effekt dersom grensene for produksjonsbudsjett vert redusert i høve til det som ligg i forslaget frå departementet.

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til forslaget til ein ny insentivordning, og er overtydd om at denne vil ha ein positiv effekt for å styrke filmfeltet på Vestlandet.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at budsjettgrensa på 25 millionar for spelefilmar og 10 millionar for dokumentarfilm er så høg at den vil ekskludere mange prosjekt initierte frå norske filmmiljø. Hordaland Fylkeskommune vil derfor oppmode departementet om å revurdere budsjettgrensene i forskrifta.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 30.12.2015

Innleiing

I stortingsmeldinga «Ein framtidretta filmpolitikk» vart det foreslått å innføre insentivordning for filminnspelningar gjort i Noreg. Føremålet er å auke talet på internasjonale film- og serieproduksjonar i Noreg for å fremje norsk kultur, historie og natur. Ordninga skal og bidra til å bygge erfaring og kunnskap i den norske filmbransjen, stimulere til vekst, ein bærekraftig norsk filmnæring og meir internasjonalt samarbeid.

2. november sendte Kulturdepartementet ut forskriftene om insentivordning på høyring med frist 14.12.2015. Ordninga vil tre kraft frå 1. januar 2016. Skjema og retningsliner (med atterhald om moglege endringar i etterkant av høyringa) for å søke om støtte etter ordninga ligg alt ute på Norsk Filminstitut (NFI) sine nettsider. Første søknadsfrist er 21. januar 2016. Søknadane frå første runde vert handsama av den faste staben i NFI. På sikt skal det byggjast opp ein av deling av NFI lokalisert til Bergen som vil få ansvaret for å handsame søknadane til insentivordninga.

På grunn av den stramme høyringsfristen var det ikkje råd å få saka opp til politisk handsaming i fylkeskommunen før høyringsfristen. Sida Kulturdepartementet ønskjer å få gjennomført høyringa og eventuelt få justert retningslinene før nyttår, har det heller ikkje vore mogleg å få lenga fristen til etter fylket sine utvalsmøte i januar. 14.12.2015 gav Kultur- og idrettsavdelinga førebels fråsegn slik forslaget til vedtak under syner, men med atterhald om politisk godkjenning.

Bakgrunn for saka

29 mai i år la Kulturminister Thorhild Widvey fram stortingsmeldinga «En framtidrettet filmpolitikk» (Meld. St. 30 (2014-2015)) – heretter berre kalla «Filmmeldinga»..

Stortingsmeldinga gir ein samla gjennomgang av filmpolitikken, og trekkjer opp nye filmpolitiske mål: Eit breitt og variert filmtilbod av høg kvalitet, god formidling og betre tilgjenge for publikum samt solid publikumsoppslutning. I sum er målet å utvikle ein profesjonell, konkurransedyktig filmbransje med sunn økonomi. Utgreingane som låg til grunn for meldinga peikar på at innteninga i næringa generelt er for svak til å halde opp ein bære kraftig bransje som evner å produsere kvalitetsfilm ave eit internasjonalt format.

For å skape betre vilkår for filmproduksjon i Noreg vart føreslått endringar i filmstøtta og finansieringsordningane for film. I hovudsak medfører desse at det regionale nivået får ein noko tydelegare rolle i den overordna filmpolitikken, ved at ein større del av dei statlige midlane til finansiering av film vert kanalisert gjennom regionale institusjonar.

Som ein lekk i arbeidet med å styrke produksjonsmiljøa i Noreg, blir det innført ein insentivordning for filminnspelningar i Noreg. Ein insentivordning er ei regulering der eit filmselskap får refundert delar av produksjonskostnaden etter nærare bestemte reglar. Føremålet med ordninga er å skape økt aktivitet og meir kontinuitet og sysselsetting innan filmfeltet, heve kompetansen til filmarbeidarar og teknisk stab.

I tillegg kan det å være innspeligingsstad for ein stor internasjonal produksjon også ha positive ringverknader for reiselivet og turistnæringa. Ein stor internasjonal produksjon legg att monalege summar lokalt ved kjøp ave varer og tenestar.

Dei fleste land med ambisjonar innan filmfeltet har i alt innført ein insentivordning, til saman om lag 40 land globalt, av desse 16 i Europa. Desse har anten form av skatterefusjonar (eks: Irland), kontantrefusjonar (eks: Island) eller tilskott (eks: Tyskland). I Europa ligg dei fleste refusjonsattsane frå 15%-30%, mens i einskilde statar i USA og Karibia ligg mellom 30% - 40%. Også norske produksjonar har lagt sine innspelningar til områder i utlandet for å kunne nytte insentivordningar til delvis finansiering av sine prosjekt. Det er som regel næringspolitiske omsyn heller enn kulturpolitikk som ligg til grunn for ordningane.

Insentivordninga er meint for produksjonar som produseres heilt eller delvis i Norge og som er meint for bred offentleg internasjonal distribusjon. For å kvalifisere må produksjonane ha eit totalt produksjonsbudsjett på minimum:

- 25 millioner norske kroner for spelefilm
- 10 millioner norske kroner for dokumentarfilm
- 10 millioner norske kroner per episode for dramaserier
- 5 millioner norske kroner per episode for dokumentarseriar

Alle produksjonar må ha eit minimumsforbruk av godkjende kostnader i Norge på to millionar norske kroner.

Minst 30 % av finansieringsplanen må bestå av internasjonal finansiering, utenfor Norge, og produksjonen må kunne dokumentere at den har avtale om internasjonal distribusjon.

I Statsbudsjettet for 2016 er det satt av 45 mill kr til ordninga. Teoretisk sett kan dette finansiere eit produksjonsvolum på 180-200 mill. kr. Støtte etter insentivordninga kan ikkje kombinerast med ordinær produksjonsstøtte, men kan kombinerast med støtte til prosjektutvikling og distribusjon som gis i forkant og etterkant av prosjektet. Ettersom Hordaland i mange samanhengar utgjør 10% av nasjonale statistiske mål, kan ein litt friskt anta at det vil gje filmbransjen ein ekstra omsetnad på 18 til 20 mill kr. Til samanlikning vert omsetnaden innan film og nye media på Vestlandet anslått til 127 mill kr i rapporten «Eventyrland; Filmmelding for Vestlandet», utarbeidd av Ideas2Evidence for Vestlandsrådet.

Forslaget om å innføre ein insentivordning har generelt fått ein positiv mottaking. NHO Reiseliv, Norsk Industri og Hovudorganisasjonen Virke har alle arbeidd for å få innført ein slik ordning, utifrå forventningar om at den vil ha positive ringverknader for handels-, reiselivs- og servicenæringane dei representerer.

Frå filmbransjen er reaksjonen noko meir delte. Frå produsenthald vert det hevda at insentivordninga ikkje vil gje noko styrking av det norske filmmiljøet. Utanlandske filmproduksjonar vil i liten grad tilsette norske filmarbeidarar – regissørar, skodespillarar, fotografer, med meir, men vil i staden nytte sine egne, importerte folk i dei kunstnarlege og tekniske funksjonane. Lokalt vil det kun bli etterspurnad etter folk til ulike assistentfunksjonar.

Frå produsenthald er det også uttrykt frykt for at kostnadane ved insentivordninga vil bli heilt eller delvis dekkja ved kutt i dei generelle finansieringsordningane for filmproduksjon, slik at det i siste instans vert dei norske filmskaparane som til sist må dekke rekninga for nyordninga.

Vurdering:

Fylkesrådmannen er av den meining at innføringa av ein insentivordning for filmproduksjon vil være eit positivt bidrag for å utvikle filmfeltet både i Hordaland og på Vestlandet generelt. Filmmeldinga for Vestlandet dokumenterte at ein hovudutfordring for filmbransjen i vår region er mangel på volum og kontinuitet i produksjonen. Dersom insentivordninga skal bidra til å skape ein meir levedyktig bransje er det viktig at den aukar produksjonsvolumet og sysselsettingsgrunnlaget for kunstnararisk, teknisk og kreativt personell knyta til filmfeltet.

Fylkesrådmannen har notert seg at bransjen ikkje trur at insentivordninga vil føre til noko auke i etterspurnaden etter kreativt og teknisk personell. Skal insentivordninga ha ein positiv effekt lokalt, er det viktig at også norske produksjonar kan dra nytte av ordninga. I dei seinare åra har vi sett at innspeling av mange norske filmar har vorte lagt til utlandet, der dei har nytt godt av insentivordningar. Men det er få – om nokon – norske produksjonar som har eit budsjett på 25 millionar kr eller meir. Kulturdepartementet bør såleis revurdere desse grensene.